

# Vedtekter

for





## **VEDTEKTER**

---

### **§ 1. Namn**

Laget sitt namn er: Eidesjøen Grendalag, stiftet 14.10.2002.

### **§ 2. Føremål og verkemiddel**

- 2.1 Føremålet til grendalaget er å fremja medlemmene sine felles interesser i området, virke til beste for grendene sine sosiale og fysiske miljø, og til trivsel og tryggleik for innbyggjarane i grendene.
- 2.2 Laget er partipolitisk uavhengig.
- 2.3 Grendalaget er eineigar og har ansvar for drift og vedlikehald av grendahuset.
- 2.4 Styret i laget kan samarbeide med andre lag eller institusjonar i saker der det er sams interesser.
- 2.5 Laget skal ta i vare på interessene til bygda som høyrings-og samarbeidsorgan i høve kommune og andre offentlege etatar.
- 2.6 Laget kan melde seg inn i Norges Velforbund

### **§ 3. Det geografiske området for laget.**

- 3.1 Grendalaget sitt geografiske område omfatter grendene Vorland, Eidesund, Eidesjøen, Tveita, Kårevik, Spilda og Asphaug.

### **§ 4. Juridisk person.**

Laget er ein sjøleigande og frittstående juridisk person med ikkje-personleg og avgrensa ansvar for gjeld.

### **§ 5. Medlemskap.**

- 5.1 Medlemskap reknast pr. husstand. Alle i husstanden som fyller 16 år i kalenderåret er medlem.

- 5.2 Husstanden må godta laget sine vedtekter og kontingent må vere betalt. For å ha røysterett på laget sitt årsmøte, må kontingent vere betalt inn seinast ein måned ( 30 dagar) før årsmøtedato.
- 5.3 Medlemmer som flytter ut av området vert strøkne som medlemmer.
- 5.4 Medlemmer som har gjort ein særleg innsats og/eller vist stor interesse for området sitt ”ve og vel” kan etter innstilling/søknad til årsmøtet verta æresmedlem.
- 5.4 Medlemmer som handler i strid med føremålet til laget - eller opptrer på ein måte som kan skade laget sitt namn og rykte, kan verta utestengt. Avgjerd om utestenging vert teken av årsmøtet.
- 5.5 Kontingent vert ikkje tilbakebetalt ved utmelding.

## **§6. Kontingent.**

- 6.1 Årsmøtet fastset storleiken på kontingenten. Medlem som ikkje betaler kontingent innan frist, vert ståande som passivt medlem til kontingenten er betalt.
- 6.2 Er ikkje årskontingenten betalt innan 30 dagar før årsmøtet, har ingen i husstanden røysterett eller rett til å setje fram forslag på årsmøtet.
- 6.3 Kontingenten fastsettes av årsmøtet.

## **§ 7. Årsmøtet.**

- 7.1 Årsmøtet har øverste mynde i laget. Ordinært årsmøte skal avviklast innan utgangen av mars måned. Tid og sted vert avgjort av styret og skal gjerast kjent mellom medlemmane med fire vekers varsel. Framlegg til saker som skal handsamast på årsmøtet må vere styret i hende seinast fjorten dagar før årsmøtet. Sakliste til årsmøtet skal sendast ut ei veke før årsmøtet. Årsmøtet kan berre fatte vedtak i dei sakene som står på dagsorden og elles er i samsvar med laget sine vedtekter.

7.2 Alle medlemmer har rett til å møte på årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført med dei medlemmer som er til stades. Ingen har meir enn ei røyst - og ingen kan røyste gjennom fullmakt.

7.3 Årsmøtet handsamer:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Fastsetjing av årskontigent
- Budsjett for kommande driftsår
- Innkomne saker
- Handlingsplan for neste år
- Val:
  - Fem styremedlemmer (veljast for to år)
  - To varamedlemmer (veljast for eitt år)
  - To revisorar (veljast for eitt år)
  - Tre medlemmer til valkomité (veljast for eitt år)

7.4. Årsmøtet vert leia av styreleiar, eller av vald ordstyrar. Medlemmer med røysterett vert kontrollert og talt opp. Det vert vald skrivar og to representantar til å underteikne årsmøteprotokollen. Vedtak og dissensar skal protokollerast.

7.5. Styret i laget skal ha minst fem medlemmer og tre varamedlemmer. Styremedlemma vert valde for to år. Styret konstituerer seg sjølve - og vel leiar for eitt år mellom styret sine faste medlem. Varamedlem og revisor vert valde for eitt år. Samtlege kan verta attvald.

7.6. Røysting på årsmøtet. Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak for å vere gyldig, ha alminneleg fleirtal mellom røystene som er avgitt. Blanke røyster tel ikkje.

Val av person skal vere skriftleg om det vert kravd. Berre føreslegne kandidatar kan førast opp på røystesetelen. Kandidatar som vert føreslegne til val skal vere spurt - og ha gjeve sitt samtykke til å verte vald.

Om ein kandidat ikkje oppnår meir enn helvta av røystene, skal den verta vald som har fått flest røyster. Blanke røyster vert forkasta, likeleis røystesetlar med namn på ikkje føreslegne kandidatar.

- 7.7 Styret i Grendalaget skal utpeike eit husstyre til Grendahuset. Husstyret skal bestå av minimum leiar, nestleiar og kasserer. I husstyret skal minst ein av personene være frå styret i Grendalaget . Leiar for husstyret vert utpeika for 2 år om gangen.

**Protokolltilførsel: Grendahuset**

Husstyret skal utarbeida årsplan som viser dei planlagte aktivitetane i Grendahuset, sammen med budsjett i forhold til dette.

Husstyret disponerer dei midlane som er bevilga til grendahuset og prioriterer dei til bruk mot avtalt årsplan.

Dersom husstyret treng midler utover det dei sjølv disponerer må dette godkjennast av styret i Grendalaget

Økonomiansvarlig i husstyret er ansvarlig for rapportering til styret i grendalaget minimum kvart kvartal og til årsmøtet. Årsrekneskap og budsjett for det komande driftsåret skal sendast til styret i grendalaget for godkjenning i samband med årsmøtet for grendalaget.

- 7.8 Avgjerder i årsmøtet vert fatta med alminneleg fleirtal mellom dei frammøtte som har røysterett.
- 7.9 Revisorar og valkomité rapporterer direkte til årsmøtet.

**§ 8. Ekstraordinært årsmøte**

- 8.1. Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte når fleirtalet i styret finn det naudsynt eller når minst ti medlemmer set fram skriftleg krav om det. Innkalling og avvikling vert som bestemt i §7. Innkallingstida skal vere minst 14 dagar.

**§ 9. Grendalaget sitt styre.**

- 9.1 Grendalaget vert leia av styret som er laget sitt øverste organ mellom årsmøta. Avgående styre sitter til nytt styre har etablert seg og kaller inn til første møte.

Styret konstituerer seg sjølv. Varamedlemmane vert kalla inn til styremøte og møter utan røyste- og forslagsrett om dei ikkje møter for ein av dei faste styremedlemma.

- 9.2.1 Styret skal:

- Setja i verk vedtaka i årsmøtet

- Stå for den daglege leiinga av laget og ivareta medlemmene sine interesser i høve andre instanser.
- Føre kontroll med økonomien til laget, og forvalte evt. eigedom laget måtte skaffe seg.
- Oppnemne kommiteer eller einskildpersonar til å løyse spesielle oppgåver.
- Etter beste evne søkje å oppfylle laget sitt føremål etter vedtektene.
- Representere laget utad.
- Lage handlingsplan for inneverande år. Denne justeres og dateres.

9.1 Styret skal møtast minst fire gonger i årsmøteperioden. Møta skal kunngjerast på terminlista til laget. Leiar eller eit fleirtal i styret kan forlange fleire møter om det er naudsynt.

9.2 Det skal liggje føre sakliste til styremøtet:

- Referat frå siste møte
- Gjennomgang av all post
- Økonomi
- Innkomne saker
- Evt.

Det skal leverast ut sakspapir på alle saker som har med økonomi å gjera før møtet.

Det skal førast møtebok. Alle vedtak skal førast i møteboka med røystetal.

Dissensar skal førast i møteboka om det vert forlangt.

9.3 Styret har disposisjonsrett over laget sine midlar til alminnelege administrative føremål.

Styret har rett til å bevilga beløp til gjennomføringa av vedtak gjort på årsmøtet.

Alle beløp skal attesterast av leiar og kasserer for utbetaling

9.4 Styret kan gjere vedtak når eit fleirtal av styret sine medlem er til stades.

Vedtak i styret krev alminneleg fleirtal. Fungerande leiar har dobbeltrøyste i styret.

## § 10. Medlemsmøte.

Det bør vere to medlemsmøte i årsmøteperioden - eller når saker gjer det naudsynt.

Innkalling åtte dagar før møtet.

## **§ 11. Endring av vedtekter.**

11.1 Endring av vedtekter gjerast med 2/3 fleirtal av avgitte røyster på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringene vert gyldige umiddelbart.

## **§ 12 Oppløysing. Samanslutning. Deling.**

12.1 Oppløysing av laget kan berre verta handsama på ordinært årsmøte. Om oppløysing vert vedteke med 2/3 fleirtal, vert det innkalla til ekstraordinært årsmøte tre månader seinare. For å setje i verk oppløysinga må vedtaket gjentakast med 2/3 fleirtal. Det kan veljast eit avviklingsstyre-eller det ordinære styret kan setje i verk oppløysinga.

12.2 Laget sin evt. formue skal etter oppløysinga og avskriving av evt. gjeld gå til dei føremål laget har arbeidd for, ved at penger og andre verdier vert bandlagt i to år. Ingen medlemmer har krav på laget sine midlar eller andel av desse ut over det som er nemd over (gjeld).

12.3 Samanslutning med andre lag eller deling vert ikkje sett på som oppløysing. Vedtak om samanslutning eller deling og dei naudsynte endringar i vedtektene som fylgje av dette, skal treffast i tråd med § 11 i vedtektene. Styret skal i slike høve utarbeide ein plan for deling/samanslutning som årsmøtet kan røyste over. Ved samanslutning/deling skal det innhentast samtykke frå laget sine kreditorar.